



Saksframlegg

Eigarskapsmelding for Fyresdal kommune 2026 - 2029

| Utval | Utvallsak | Møtedato |
|---------------|-----------|----------|
| Formannskapet | | |
| Kommunestyret | | |

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Eigarskapsmelding for Fyresdal kommune 2026 - 2029
- 2 Vedlegg A - Full selskapsoversikt
- 3 Vedlegg B - Rettleiar for eigarskapsoppfølging
- 4 Vedlegg C - Risikomatrise
- 5 Vedlegg D - Styre- og honoraroversikt
- 6 Vedlegg E - Selskapsformer

Bakgrunn for saka:

[Kommunelova § 26-1](#) stiller krav om at kommunen minst ein gong i kvar valperiode skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Meldinga skal gi ei samla framstilling av kommunen sine eigarinteresser, prinsipp for eigarstyring og føremålet med eigarskap i ulike selskap og samarbeid.

Fyresdal kommune har eigarinteresser i fleire selskap og interkommunale samarbeid. For å sikre openheit, føreseieleg eigarstyring og god oppfølging av selskapa, er det utarbeidd ei oppdatert eigarskapsmelding for perioden 2026–2029.

Eigarskapsmeldinga gir ei samla oversikt over kommunen sine eigarinteresser og klargjer prinsipp for korleis kommunen skal utøve rolla som eigar. Meldinga inneheld også oversikt over selskapa kommunen har eigardelar i, samt prinsipp for oppfølging, kontroll og rapportering.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; næring og arbeidsliv, samfunnsutvikling og kommunen som organisasjon.

Kommunalt eigarskap er eit viktig verkemiddel for å bidra til lokal samfunnsutvikling, næringsutvikling og tenesteleveranse. Ei oppdatert eigarskapsmelding legg til rette for tydelegare mål for eigarskapet, betre oppfølging av selskapa og meir openheit om kommunen sine eigarinteresser.

Den nye eigarskapsmeldinga klargjer prinsipp for god eigarstyring, roller og ansvar mellom eigar, styre og administrasjon, samt system for rapportering og eigaroppfølging. Meldinga gir også ei samla oversikt over omfanget av eigarskapet og legg til rette for systematisk kontroll gjennom risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

Kommunedirektøren vurderer at eigarskapsmeldinga gir eit godt grunnlag for ei meir strukturert og føreseieleg forvaltning av kommunen sine eigarinteresser i åra framover.

Konklusjon:

Eigarskapsmeldinga for perioden 2026–2029 gir ei samla oversikt over Fyresdal kommune sine eigarinteresser og prinsipp for eigarstyring. Meldinga legg til rette for openheit, tydeleg rollefordeling og systematisk oppfølging av selskapa kommunen deltek i.

Kommunedirektøren vurderer at eigarskapsmeldinga gir eit godt grunnlag for ei ansvarleg og føreseieleg forvaltning av kommunen sitt eigarskap.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kommunestyret vedtek Eigarskapsmelding for Fyresdal kommune 2026–2029 slik ho ligg føre.
2. Kommunedirektøren får ansvar for å følgje opp eigarskapsmeldinga i tråd med prinsipp og tiltak som går fram av meldinga.

| | |
|-----------------|---------------------|
| Ulf Pedersen | |
| Kommunedirektør | Sunniva Slyngstad |
| | prosjektkoordinator |